
Saksnr: 2020/46034-2
Saksbehandlar Bente Utne
Dato: 08.09.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status handsaming av prosjektrekneskap for fylkesvegar

Fylkesrådmannen viser til vedtak i PS 49/2020 i kontrollutvalet den 11.05.2020:
<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/2446?sourceDatabase=>

Vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg samd med fylkesrådmannen i hans oppsummering når det gjeld prosjektrekneskap for vegprosjekt og tar informasjonen så langt til orientering.
2. kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status for handsaming av prosjektrekneskapar fylkesvegar til møte i kontrollutvalet 12.10.2020. Sakstilfanget vert å levere sekretariatet innan 28.09.2020.

Fylkesrådmannen syner til notat til kontrollutvalet, datert 27.03.2020. Notatet omhandla status for prosjektrekneskap for Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen vil opplyse om at det diverre var ein feil i notatet. I konklusjonen står følgjande:

«Ut frå momenta over vil fylkesrådmannen rå til at prosjektrekneskap for fylkesvegar som var igangsett før 2019 ikkje vert lagt fram for revisjon i Deloitte, deretter for kontrollutvalet og vidare politisk handsaming».

Det er årstalet 2019 som er feil, det skulle stått 2020, og det følgjer også av argumentasjonen i notatet. Fylkesrådmannen beklagar dette og føresett at dette ikkje har innverknad på vedtaket sitt punkt 1.

Med dette som utgangspunkt har ikkje fylkesrådmannen nokon restansar når det gjeld prosjektrekneskap.

Fylkesrådmannen vil opplyse om at det vert arbeidd med sak om retningslinjer for prosjektrekneskap for Vestland fylkeskommune som skal handsamast i fylkestinget. Når desse retningslinjene er på plass, vil fylkesrådmannen utarbeide prosjektrekneskap på dei prosjekta som vert aktuelle.